



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
32/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.04.2015
28/2015	Kommunestyret	PS	04.05.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - S11	15/20

SØKNAD OM ODDMUNDSDALEN KRAFTVERK

Vedlegg:

Oddmundsdalen kraftverk oversikt inngrep 2.2015
oversiktskart over utbyggingsområdet 2.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Oddmundsdalen kraftverk under føresetnad av at det blir sett krav til avbøtande tiltak. Tiltaket ligg ved inngangen til eit viktig friluftsområde i Bergsdalsfjella. Ein permanent veg inn i Oddmundsdalen vil gje eit stort naturinngrep inn i ein heilt urørt dal, og utbyggar bør difor få krav om å reetablere terrenget etter anleggsarbeida er avslutta. Ei utbygging av Oddmundsdalen kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 2,84 km². Utbygginga kan vere viktig som tilleggssinntekt for landbruksverksemd og som grunnlag for framtidig busetting.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 32/2015

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Oddmundsdalen kraftverk under føresetnad av at det blir sett krav til avbøtande tiltak. Tiltaket ligg ved inngangen til eit viktig friluftsområde i Bergsdalsfjella. Ein permanent veg inn i Oddmundsdalen vil gje eit stort naturinngrep inn i ein heilt urørt dal, og utbyggar bør difor få krav om å reetablere terrenget etter anleggsarbeida er avslutta. Ei utbygging av Oddmundsdalen kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 2,84 km². Utbygginga kan vere viktig som tilleggssinntekt for landbruksverksemd og som grunnlag for framtidig busetting.

Kommunestyret - Sak 28/2015

KOM - Behandling:

Vedtak mot 1 røyst (SV)

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Oddmundsdalen kraftverk under føresetnad av at det blir sett krav til avbøtande tiltak. Tiltaket ligg ved inngangen til eit viktig friluftsområde i Bergsdalsfjella. Ein permanent veg inn i Oddmundsdalen vil gje eit stort naturinngrep inn i ein heilt urørt dal, og utbyggar bør difor få krav om å reetablere terrenget etter anleggsarbeida er avslutta. Ei utbygging av Oddmundsdalen kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 2,84 km². Utbygginga kan vere viktig som tilleggsinntekt for landbruksverksemd og som grunnlag for framtidig busetting.

Saksopplysningar:

Sammendrag henta frå søknaden:

Norsk Grønnekraft og 7 grunneigarar har inngått avtale om utbygging av Oddmundsdalen kraftverk. Prosjektet ynskjer å utnytte vassfallet i elva Oddmundsdalelva og sideelv Skarvaelva i Vaksdal kommune og søker om å byggja og driva Oddmundsdalen kraftverk.

Det omsøkte kraftverket er planlagt med to inntak i elva nedstraums Oddmundsdalsvatnet og Skarvavatnet. Kraftstasjonen er planlagt plassert i sørenden av Bergsvatnet, ved utløpet av Oddmundsdalselva. Det er planlagt ei nedgravd røyrgate på ca. 2250 m frå inntak i Oddmundsdalsvatnet og heilt ned til kraftstasjonen. Overføring frå Skarvavatnet er planlagt med ca. 635 m borehol frå inntak og til samankobling med røyrgate i Oddmundsdalen. Prosjektet vil utnytte eit fall på 250 meter. Vassdraga har eit samla nedbørsfelt på 7,84 km².

Som avbøtande tiltak er det planlagt ei minstevannføring sommarstid (1/5-30/9) på 101 l/s frå inntak i Oddmundsdalsvatnet og 31 l/s frå inntak i Skarvavatnet. Vinterstid (1/10-30/4) vil ein sleppa minstevannføring på 23 l/s frå Oddmundsdalsvatnet og 7 l/s frå Skarvavatnet.

Installert effekt er 4,3 MW og berekna middelproduksjon er 13,25 GWh.

Utbyggingskostnadane for Oddmundsdalen kraftverk er berekna til 53,2 mill. kroner som gir ein pris på 4,01 kr/kWh.

Grunneigarane brukar i dag området til beiteområde. Det foregår turgåing i området, og då mest av grunneigarar sine egne familier og hytteeigarar ved Bergsvatnet. Det er sal av jaktkort til småviltjakt og fiskekort i området. Det vert fiska i begge vatna og i elvane og det foregår slepp av fisk i Skarvavatnet. Ifølge rapporten for biologisk mangfold er elvane lite eigna for fiske fordi dei har lite eigna gyte- og leveområde for fisk.

Ved den naturfaglege undersøkinga vart det ikkje registrert raudlistearter innanfor utbyggingsområdet. Det er heller ikkje påvist spesielle naturtypar innanfor utbyggingsområdet.

Tiltaket vil føre til tap av inngrepsfrie naturområde (INON) i sone 1 med 2,85 km² og sone 2 med 0,53 km².

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner innanfor influensområdet til Oddmundsdalen kraftverk.

Biologen som står for utgreiinga vurderer den samla konsekvensen for biologisk mangfold til å være middels negativt.

Tiltaket vil gje samfunsmessige fordelar gjennom verdiskaping og innteker til utbyggjar, grunneigarar

og kommunen. Kraftverket gjev ei monaleg mengd ny fornybar energi med eit akseptabelt naturinngrep. Det er ingen alternative utbyggingsløyningar.

Vurdering:

Landskap og friluftsliv:

Det omsøkte prosjektet ligg ved Bergsvatnet i Bergsdalen om lag 15 km frå kommunesenteret Dale. I Verdivurderingar av landskap i Hordaland vert Bergsdalen karakterisert som elvedal av «middels verdi» og fjellet rundt som lågfjell av «middels verdi». I Fylkesdelplan for små vasskraftverk får landskapet i fjellet der inntaka ligg, karakteren «sårbart høgfjellsområde» av «stor verdi». Nedre del av utbyggingsområdet ligg i randsona til dette området.

Det er eit større inngrepsfritt område (INON) inn mot tiltaket som med det omsøkte tiltaket vert redusert i storleik med totalt 2,9 km². I småkraftplanen får INON-området «middels verdi». I Område for friluftsliv er terrenget opp i fjellet registrert som «store turområde» som er «svært viktige» regionalt (klasse A). Saman med området frå Hamlagrø og inn mot turisthytta Vending, har området den høgste verdien i Bergsdalen.

Frå nabobygdene Lid i nordvest og Småbrekke i søraust fører det merka turstiar inn mot turisthyttene Høgabu og Gullhorgbu, og det er mogleg å gå vidare til turisthytta Vending. Området er mykje nytta til turar med overnatting på hyttene og dagsturar. Dagsetappane er korte. Det gjer at denne delen av Bergsdalsfjella er særleg eigna for barnefamiljar. Næraste T-merka tursti i dag er den som startar ved Småbrekke, der ein kan gå til den nye turisthytta Gullhorgbu. Den går også ein umerka sti opp forbi Skarvavatnet og fram til Høgabu. Bergen og Hordaland Turlag har vurdert å T-merka denne som ei alternativ løype til den frå Lid. Det er mange hytter på Berge og desse lokale og folk som besøkjer Bergsdalen nyttar i ein viss grad stien opp langs Skarvaelvi til Høgabu eller dei går over til Oddmundsdalsvatnet og inn på militærvegen til Småbrekke eller til Gullhorgabu. Elva langs Skarvadalen går delvis på bratte sva og skarv (derav namnet på området) på avsatsar i terrenget. Det er lite vegetasjon i øvre del men med innslag av fjellbjørk og eit mylder av «utstrødde» steinblokker frå istida. Denne naturtypen er veldig spesiell for dette området i Bergsdalen.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk har slike retningslinjer for sårbart høgfjell og friluftsliv: *«I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusera konfliktgraden. (R4.1) Ein bør visa varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet. (R7.1)»*

Vaksdal kommune meiner at dette er ein del av eit svært viktig og mykje nytta turområde. Kommunen vurderer konfliktnivået for landskap og friluftsliv som så høgt at søknaden på dette grunnlaget ikkje bør stettast.

Gjeldande planar:

I gjeldande kommuneplan for Vaksdal ligg området i LNF-område. I EU sitt vassdirektiv, ligg det inne i forvaltingsplanen framlegg om tiltak med revisjon av vassdragskonsesjonen på grunn av mangel på minstevassføring og tilgroing i Bergsdalsvassdraget. Bergsdalsvassdraget er frå før kraftig regulert av BKK. Bergsvatnet er eit inntaksmagasin med ei reguleringshøgde på 10 m. Dette gjev «sørgjerender» langs vatnet og det legg seg ikkje is på vatnet om vinteren. Oddmundsdalen og Skarvadalen med sine vassdrag går sørover frå Bergsvatnet og ligg derimot i eit område utan naturinngrep. Begge elvane er kanalisert i utløpet grunna erosjonsproblem.

Vegbygging og terrenginngrep:

Det går i dag ein traktorveg langs sørsida av Bergsvatnet frå fylkesveg 314 og fram til planlagt

kraftstasjon like ved Bergsvatnet. Denne vegen vert nytta som tilkomst til hyttefeltet som ligg i området. Tiltakshavar skriv i rapporten at det berre er dei 500 nedste metrane mot kraftstasjonen at røyrgetetraséen vert synleg frå FV 134 på andre sida av Bergsvatnet. Resterande røyrgate og inntak ligg i område som ein må oppsøkje spesielt, då det ikkje går utprega tursti gjennom Oddmundsdalen. Tiltakshavar ønskjer gjennom permanent vegbygging til inntaksdammen ved Oddmundsdalsvatnet å opna opp området for meir bruk, t.d. med sykkel opp mot vatnet. Grunneigarane vil også nytta vegen til uttak av skog, samt enklare slepp og sanking av beitedyr i utmark. Det er eit ønske frå grunneigarane å byggja ei gangbru over Oddmundsdalselva ved den nye kraftstasjonen. Dette vil gje auka turmoglegheiter rundt Bergsvatnet då ein kan gå ein heil runde rundt vatnet. Tiltakshavar meiner at i sum vil dette føra til betydelege moglegheiter for grunneigarar og lokalsamfunnet. Det vert ikkje vurdert å vere næringsmessig grunnlag av skogressursar for å byggja ein permanent veg opp i Oddmundsdalen. At det vert lettare å ta seg inn i området er ikkje grunn nok til å laga ein permanent veg.

Inntaket:

Det er planlagt ein 4 m høg og 25 m lang innaksdam på kote 755 i Oddmundselva. Denne vil komma om lag 200 m nedfor utløpet av vatnet. Her er det ei vid elvelone, ca 100 m brei og ein svært god fiskeplass. Røyrgata går frå inntaket i ein naturleg kurve på austsida av Steinafjellet og fram til ein naturleg terrengendring, slik at største delen av fallet vert på slutten ned mot kraftverket. Røyr lengda vert ca 2500 m med ein diameter på 100 cm, der om lag halvparten av dette vert i sprengt fjellgrøft. I samband med bygginga vert det laga veg til inntaket. Traseen vert i anleggstida ca 30 m.

Frå Skarvaelva vert det bora tunnel på 635 m med tverrsnitt 70cm, ned til røyrgata i Oddmundsdalen. Inntaket i elva vert ca 2 m høgt og 15-20 m langt. Overskotsmassar frå røyrgata er planlagt brukt til permanent veg. Tunnelmassar vert mellomlagra og brukt som toppmasse på vegen. Boreslam vert samla i sedimenteringskontainer eller i utgravd sedimenteringsbasseng.

Nedgravd røyrgate og veg til inntaksdammen er ikkje i samsvar med retningsliner for avbøtande tiltak i sårbart høgfjell i småkraftplanen til Hordaland fylkeskommune. (tunneldrift og veglaus utbygging, jfr. R4.1 over)

Inngrepa vil redusere opplevingsverdien landskapet har for det typiske friluftslivet i denne delen av Bergsdalsfjella.

Kraftlinjer:

Det går i dag ei kraftlinje langs Bergsvatnet. Det vil verta lagt jordkabel frå kraftstasjonen og ca 100 m fram til BKK sitt påkoblingspunkt.

Verknad på samfunn:

Tiltaket vil gje inntekt gjennom eigedomsskatt til Vaksdal kommune. I anleggsfasen vil det bli utført arbeid som kan gje lokal sysselsetjing. 4 av 7 fallrettseigarar som er medeigarar i kraftverket, er busette i området. Kraftverket vil kunna vera ei tilleggssinntekt for desse og er dermed med på å sikra inntektsgrunnlaget for framleis busetnad i Bergsdalen. For å sikra optimal drift er det ynskjeleg at tilsyn og lettare vedlikehald vert utført av lokale aktørar. To av gardsbruka er dag i aktiv produksjon og mottek produksjonstilskot.

Biologisk mangfald:

Ved den naturfaglege undersøkinga blei det ikkje registrert raudlisteartar innanfor området som er avhengig av vassføring frå elva. Det er heller ikkje påvist spesielle naturtypar innanfor influensområdet, men det blei registrert hubro. Det er to kjende hekkehyllar for hubro ca 1 km frå inngrepsområdet, men hekkehyllene i høve til inngrepa er slik konsulenten ser det slik at hubroen

ikkje vil bli påverka av planen, meiner utbyggjar. Vaksdal kommune meiner at dette ikkje stemmer fordi hubroen også periodevis har nytta seg av reirområde i utløpet av Oddmundsdalen og elles jamnleg brukar området som sitjeplass og jaktområde. Hubroen er svært sårbar i hekketida i mars-juni og det skal ofte lite forstyrring til før han avbryt hekkinga. Kraftstasjonen vil i periodar kunna laga støy som kan påverka negativt for hubroen. Det samme gjeld anleggsarbeid i området. Av fugleartar elles blei det registrert fossefall i Oddmundsdalselva, som vert vurdert til å vera eigna hekkebiotop for arten. Det er også funne hekkande fossefall i elva som renn frå Skarvavatnet. Konsekvensane for raudlisteartar og terrestrisk miljø vert av konsulent vurdert som lite negativ. Vaksdal kommune meiner at dette er feil på grunn av hubrolokaliteten som ligg nærare inngrepet enn det som er konkludert med i utgreiingsrapporten.

Fisk: I følgje rapporten om biologisk mangfald vert elvane frå Skarvavatnet og Oddmundsdalsvatnet vurderte som lite eigna som gyte- og leveområde for fisk. Det føregår slepp av fisk i Skarvavatnet. Men det synast likevel no å vere god rekruttering av fisk i vatnet. I utløpselva til Skarvavatnet der ein har planlagt bekkeinntak, er det fin bestand av fisk som slepper seg ned frå vatnet ovanfor. Konsekvensrapporten peikar på at konsekvensane for akvatisk miljø vert av søkjer vurdert som lite negativ. Vaksdal kommune er samd i dette.

Minstevassføring:

Som avbøtande tiltak er det planlagt ei minstevannføring sommarstid (1/5-30/9) på 101 l/s frå inntak i Oddmundsdalsvatnet og 31 l/s frå inntak i Skarvavatnet. Vinterstid (1/10-30/4) vil ein sleppa minstevannføring på 23 l/s frå Oddmundsdalsvatnet og 7 l/s frå Skarvavatnet. Begge elvane er hurtigflytande med mange fossar og strykparti. I elva frå Skarvavatnet, er det parti der elva utvidar seg i rolege loner. Elva i øvre del er prega av blanskurt svaberg og flate parti. Den foreslåtte minstevassføringa vil visa lite att i det breie elveløpet.

Kulturminne:

Frå Hordaland fylkeskommune til søkjer er det opplyst at det ikkje er kjende freda kulturminne i tiltaksområdet. Fylkeskommunen legg til at det er kjende kulturminne i utmarksområde andre stader i Bergsdalen og reknar med at det er potensiale for funn som ein i dag ikkje kjenner til. Konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø vert av søkjer/fylkeskommune vurdert som lite negativ.

Konklusjon

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Oddmundsdalen kraftverk under føresetnad av at det blir sett krav til avbøtande tiltak. Tiltaket ligg ved inngangen til eit viktig friluftsområde i Bergsdalsfjella. Ein permanent veg inn i Oddmundsdalen vil gje eit stort naturinngrep inn i ein heilt urørt dal, og utbyggjar bør difor få krav om å reetablere terrenget etter anleggsarbeida er avslutta. Ei utbygging av Oddmundsdalen kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 2,84 km². Utbygginga kan vere viktig som tilleggsinntekt for landbruksverksemd og som grunnlag for framtidig busetting.